


**Kvinnherad kommune - Rådmannen**

Vår ref: 2010/1135

Dato: 26.04.2010

# Tertialrapport 1 / 2010

Innhald:	Side
<b>1. Rådmannen sine merknader</b>	<b>2</b>
<b>2. Økonomisk utvikling i kommunen</b>	<b>2</b>
2.1 Driftsinntekter	2
2.2 Driftsutgifter	3
2.3 Investeringsrekneskap	4
<b>3. Økonomisk utvikling i verksemdene</b>	<b>6</b>
3.1 Skulane	6
3.2 Barnehagane	6
3.3 Pleie og omsorg	6
3.4 Tiltak og tenester barn og unge	7
3.5 Tiltak og rådgjeving vaksne / NAV	7
3.6 Helse og rehabilitering	7
3.7 Samfunnsutvikling	7
3.8 Tekniske tenester	8
3.9 Kultur og fritid	8
3.10 Fellestenester	8
3.11 Politikk	8
3.12 Konklusjon	8
<b>4. Tenesteproduksjon og utvalde KOSTRA-tal</b>	<b>9</b>
4.1 Brukar og tilsette	9
4.2 Nærvær	9
4.3 Trivselsvurdering	9
4.4 Kvalitet, standard og omfang på dei kommunale tenestene	10
4.5 Utvalde KOSTRA-tal	10
<b>5. Samfunnsutvikling</b>	<b>12</b>
5.1 Folketalsutvikling	12
5.2 Sysselsetjing og næringsutvikling	13
5.3 Samferdsle og trafikksikring	14
5.4 Planlegging	15
5.3 Andre tiltak og hendingar	15

## 1. Rådmannen sine kommentarar.

I tråd med vedteke årshjul skal rådmannen gjennom årsmelding, rekneskap, og to tertialrapportar orientere kommunestyret om utviklinga i kommunen. I tillegg skal formannskapet fortløpande orienterast om den økonomiske stoda.

I tertialrapport 1/2010 ser ein som tidlegare først og fremst på den økonomiske utviklinga etter fire månader. I tillegg blir det peikt på ein del viktige samfunnstrekk så langt i året. I tråd med oversendingsforslag frå møte den 04.02.10 vil rapporten også sjå nærmare på deler av tenesteproduksjonen og på utvalde KOSTRA-tal frå mars 2010.

## 2. Økonomisk utvikling i kommunen.

### 2.1 Driftsinntekter.

*Driftsinntekter etter åtte månader.*

Post	Budsjett 2008	Rekneskap 01.05.08	Rekneskap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Rammeoverfør.	-140.093	-55.999	-142.371	-188.692	-72.228	-188.709	-191.400	-78.971
Skjønsmidlar	-14.005	-5.602	-14.078	-14.705	-8.225	-14.737	-15.300	-6.120
Selskapsskatt	-29.816	-11.927	-29.817	0	0	0	0	0
Inntektsutjamn.	-1.911	7.552	4.551	-7.653	3.449	-7.000	-6.050	832
Skatt	-263.985	-103.542	-266.291	-278.000	-100.846	-283.047	-301.800	-86.107
<b>Frie inntekter</b>	<b>-450.900</b>	<b>-169.518</b>	<b>-448.006</b>	<b>-489.050</b>	<b>-177.850</b>	<b>-493.493</b>	<b>-514.550</b>	<b>-170.366</b>
MVA investering	-5.000	-1.049	-3.107	-4.000	-1.035	-5.345	-6.000	-1.051
MVA drift	-15.000	-5.417	-15.282	-16.000	-5.722	-16.005	-16.000	-5.037
Eigedomsskatt	-52.100	-26.064	-52.074	-53.000	-26.570	-52.585	-69.000	-36.355
Utb. Kvinn.energi	-6.700	0	-6.700	-9.000	0	-9.000	-9.000	
Utb. Bufferfond	-7.200	0	-7.210	-7.200	0	-7.210	-7.200	
Utb. kraftfond	-18.000	0	81.389	-10.000	0	-61.740	0	
Konsesjonsavgift	-7.800	0	-7.618	-7.900	0	-8.152	7.900	
Konsesjonstraum	-4.800	-1.134	-3.813	-3.800	1.911	-3.686	-3.800	860
Andre innt. /utg.	300	270	400	-1.400	270	-82	-1.400	232
<b>Andre inntekter</b>	<b>-116.300</b>	<b>-31.126</b>	<b>-14.015</b>	<b>-112.300</b>	<b>-31.146</b>	<b>-163.805</b>	<b>-120.200</b>	<b>-41.351</b>
Renteinntekter	-6.500	-1.749	-8.205	-6.500	-1.596	-4.582	-4.000	-526
Dekk. VA-invest.	-9.725	0	-10.104	-11.700	-3.504	-9.106	-10.500	-2.571
Ref. skuleinvest.		0		-500	0		-450	
Komp.tilsk. Husb.	-6.550	0	-7.689	-7.000	0	-6.326	-7.000	
Fomidlingslån	-1.800	-537	-2.456	-1.800	-657	-2.221	-2.300	-276
Næringslivslån		0	-623	-1.000	-167	-377	-1.000	-43
Avdrag kom. lån	23.500	525	20.517	21.000	303	23.321	24.000	361
Renter kom. lån	38.000	11.978	51.412	33.000	10.634	31.435	34.250	4.363
<b>Renter og avdrag</b>	<b>36.925</b>	<b>10.217</b>	<b>42.852</b>	<b>26.700</b>	<b>5.013</b>	<b>32.144</b>	<b>33.000</b>	<b>1.308</b>
Pensjon	-1.825	150	-10.303		0	-10.888	-5.000	
Avsetjing fond						1.186		
Over-/ underskot	6.100		-109.884	6.350	0	50.583	12.550	
<b>Sum totalt</b>	<b>-526.000</b>	<b>-190.277</b>	<b>-539.356</b>	<b>-568.300</b>	<b>-203.983</b>	<b>-584.273</b>	<b>-594.200</b>	<b>-210.409</b>

Frie inntekter i budsjettet for 2010 er i tråd med staten sitt inntektsanslag. Dette er ein auke i høve til rekneskapan for 2009 på 4,25 %, og så langt ser det ut til inntektene vil bli som forventa.

Andre inntekter inneheld mellom anna eigedomsskatten som no er blitt berekna til 73,0 mill. kr. Dette er ein auke i høve til godkjent budsjett på 4,0 mill. kr. Posten Andre inntekter/utgifter er samtidig sett 1,0 mill. kr for høgt. Dermed kan sum Andre inntekter aukast med 3,0 mill. kr.

Utgiftene til renter og avdrag ser så langt ut til å bli noko høgare enn det budsjettet legg opp til. I tillegg peikar fylkesmannen på at kommunen har ein svært høg lånegjeld og difor bør auke dei årlege avdraga. Dette vil ein sjå nærmare på i samband med budsjettrevisjonen i juni.

I tråd med rekneskapstala for 2009 vil ein ved revisjon av budsjettet også tilrå avsetjing av rundt 1,0 mill. kr til bundne driftsfond. Dette skuldast årleg avkastning frå fondsmidlar som ikkje kan nyttast i drifta.

Innbetalt pensjonspremie har dei siste åra blitt større enn endeleg pensjonskostnad utrekna ved utgangen av året. I årsrekneskapen kjem dette fram som ei inntekt, som så blir utgiftsført i dei neste 15 åra. Også i 2009 enda det med overskot, og dermed er samla sum runda 30,0 mill. kr. Dette betyr ei årleg utgift på 2,0 mill. kr dei neste 15 åra. I budsjettet for 2010 forventar ein ei inntekt på 5,0 mill. kr. Sjølv om inntektene har vore ein god del høgare dei siste åra, så er pensjonstrekket sett så lågt i år at det kan bli vanskeleg å oppnå ei slik inntekt. Også dette vil ein sjå nærmare på i budsjettrevisjonen.

Kraftfondet har så langt i år auka med rundt 15,0 mill. kr, og samla tyder dermed alt dette på at kommunen sine inntekter i år kan bli høgare enn det vedteke budsjett legg opp til.

## 2.2 Driftsutgifter.

*Driftsresultat etter åtte månader.*

Post	Budsjett 2008	Rekneskap 01.05.08	Rekneskap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	556.472	192.931	577.511	607.264	215.584	618.403	638.155	222.140
Andre utg.	177.774	61.174	205.334	173.783	66.638	212.131	190.757	60.458
Inntekter	-208.246	-81.571	-243.490	-212.747	-81.845	-246.261	-234.712	-70.847
<b>Sum driftsutg</b>	<b>526.000</b>	<b>172.534</b>	<b>539.355</b>	<b>568.300</b>	<b>200.377</b>	<b>584.273</b>	<b>594.200</b>	<b>211.751</b>

Lønsutgiftene etter fire månader er i år på 34,8 % av samla lønsbudsjett. I 2009 var tilsvarende tal 0,7 % høgare, men målt i høve til endeleg lønsrekneskapen var lønsutgiftene også då på 34,8 %.

Ser ein på dei ulike lønspostane, ligg forbruk av fastløn på 34,4 % av budsjettet. Dette er 1,1 % lågare enn forbruket på same tid i fjor. Forbruket av variabel løn ligg på 42,2 % av budsjettet, og dette er 3,3 % høgare enn forbruket på same tid i fjor. Forbruket av sosiale utgifter er så langt på 33,0 % av budsjettet, noko som er 0,6 % lågare enn på same tid i fjor.

Sjølv om variabel løn ligg høgt, tyder dette på at det vil vere mogeleg å nærme seg ei langt mindre overskriding av lønsbudsjettet enn tidlegare år. Dette under føresetnad av at lønsoppgjjer ikkje blir høgare i år enn i fjor og at talet på tilsette ikkje aukar meir i 2010 enn i 2009.

Andre utgifter og inntekter er så langt ein god del lågare enn på same tid i fjor. Årsaka er først og fremst etterslep på føringa i rekneskapen. Tala tyder likevel på at inntektene ikkje vil bli så mykje som 44,0 mill. kr høgare enn utgiftene slik vedteke budsjett legg opp til. I fjor enda skilnaden mellom inntekter og utgifter på vel 34,0 mill. kr. I år har mellom anna energiprisane auka kraftig samtidig som kostnadane med snøbrøyting er blitt ein god del høgare enn det budsjettet la opp til. Når vi i tillegg også i år får ekstra utgifter knytt til utviding av eigedomsskatten, så tyder dette på at skilnaden mellom inntekter og utgifter neppe blir vesentleg større i år enn i fjor.

Ut frå dette er det så langt i budsjettåret grunn til å rekne med ei overskriding av verksemdene sine rammer på rundt 10,0 mill. kr. Med forventa auke i inntektene, vil det likevel truleg gå mot nytt overskot på rekneskapen.

### 2.3 Investeringsrekneskap.

Investeringar etter fire månader.

Prosjekt	Budsjett 2010	Overført frå 2009	Forbruk pr. 01.05.10	Unytta pr. 01.05.10
Nasjonalparksenter / Steinparken			53	-53
Programvare IT	200	300		500
Skilt vegnamn, adressetildeling, digitale kart	50			50
Marknadsføring Kvinnherad	200		41	159
Partnerskap Kystkultursenter/Kultur og fritid		400		400
Kulturskulesenter Husnes	20 000	678	799	19 879
Tilskot frå næringslivet til kulturskulesenter		-12 500		-12 500
HMT / Enøk / Inneklima	200			200
Ombygging kommunale bygg	150		108	42
Lågterskeltilbod rusavhengige	2 000	41		2 041
Utbygging Rosendalstunet	1 000	1 149	13	2 136
Bufellesskap psykisk utviklingshemma	6 600	5 115		11 715
Tilskot bufellesskap psykisk utviklingshemma	-1 600	-1 100		-2 700
Grunnkjøp / arealutviding KVV	100		2	98
Kommunale vegar og kaier	150			150
Industriområder og næringsareal	1 000	131		1 131
Opsangervegen	250	250		500
Folgefonn tunnelen	3 500			3 500
Etterarbeid utbyggingsområder	100			100
Utviding Undarheim barneh. ny 5. Avdeling			53	-53
Planlegging Sandviklia industriområde		25		25
Klima- og miljøplan	250			250
Parkeringsplass Valen oppvekstsenter	600			600
Brannstasjon Rosendal	1 800			1 800
Kaiområde Rosendal		714	228	486
Statlege og priv. tilskot til kaiomr. Rosendal		-1 000		-1 000
Privat tilskot til kaiområde Rosendal		-250		-250
Plan Fjelbergsambandet		250		250
Tilskot fjerning Hidlevraket		50		50
Tilskot Postvegen med gangveg i Teigen		150		150
Kvinnherad kyrkjegard			6	-6
P-plass Husnes kyrkje –auka standard	1 350		284	1 066
Biobrenselanlegg	300	300		600
Scenarie 2050		200		200
Gangveg Sunde – Podlen	400	97	6	491
Busslomme Ljosnes	750			750
Rydding av skog ved rasteplass på Husnes	50			50
Innløysing bustadhus på Prestnes	1 800			1 800
Kabling for fjernsyn på kom.styremøta	100			100
Grunnkjøp til utviding Rosendalstunet	700			700
Oppstart rehab. Rosendal ungdomsskule	9 000			9 000
Innkjøp brannvernustyr	300			300
Signalanlegg Husnessona	150			150
Steinmassar frå Halsnøy til deponi på Husnes	100			100
Etableringslån	12 000		1 034	10 966
Innbrot Malmanger skule			125	-125
<b>Sum lån med renter og avdrag</b>	<b>64 650</b>	<b>-5 000</b>	<b>2 752</b>	<b>56 898</b>
Forskottering Sandvoll sentrum	3 000	736		3 736
Forskottering Tofte – Ranavik	10 000	-300		9 700
Forskottering Løfallstrand – Austrepollen		8 888		8 888
Innbetaling frå Fusa og Folgefonnrunnelen AS		-8 500		-8 500

<i>Prosjekt</i>	<i>Budsjett 2010</i>	<i>Overført frå 2009</i>	<i>Forbruk pr. 01.05.10</i>	<i>Unytta pr- 01.05.10</i>
<b>Sum avdragsfrie lån med renter</b>	<b>13 000</b>	<b>824</b>		<b>13 824</b>
Skuleinvesteringar/ Sætre skule med gym.sal	30 000	2 411	2 283	30 128
Planlegging Rosendal ungdomsskule		459	216	243
Tilrettelegging Hatlestrand skule			12	-12
Sanserom Husnes ungdomsskule		130	104	26
<b>Sum rentefrie lån i skulepakken med avdr.</b>	<b>30 000</b>	<b>3 000</b>	<b>2 615</b>	<b>30 385</b>
Vassverk Ølve m.m	2 000		24	1 976
Vassbehandlingsanlegg Rosendal / Omvikdalen		23 600	1 925	21 675
Hovudvassleidning Varaldsøy	2 000		11	1 989
Nye VA-leidningar i Opsangervegen	500			500
Kloakk Seimsfoss / Omvikdalen	10 000	7 000	204	16 796
Kloakk Uskedalen m.m.	500	5 376	63	5 813
Diverse tiltak på leidningsnettet	2 000			2 000
Infrastruktur Husnes			232	-232
Lagerbygg Husnes			24	-24
Næringslivsforskottering Tofte – Ranavik	17 000	5 000		22 000
<b>Sum rente- og avdragsfrie lån</b>	<b>34 000</b>	<b>40 976</b>	<b>2 483</b>	<b>72 493</b>
Kulturhuset Husnes med teleslynge		198		198
Takutbetring gymsal Rosendal		750		750
Garderober gymsal Rosendal		580	86	494
Bustadsprinkling Lien og Halsnøytunet		65	52	13
Branntekniske pålegg		349	140	209
Fullfinansiering parkeringsplass Husnes kyrkje				
Rehabilitering diverse kommunale vegar		574	49	511
Kai Dimmelsvik		330		330
<b>Sum rente- og avdragsfr. tilskot frå staten</b>		<b>2 847</b>	<b>327</b>	<b>2 520</b>
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>141 650</b>	<b>42 647</b>	<b>8 177</b>	<b>176 120</b>
Sal av areal og andre eigedomar	-3 000			-3 000
Refusjon STUI-midlar	-1 000			-1 000
MVA – investering	-2 000			-2 000
Utbytte frå kraftfondet	-10 000			-10 000
Bruk av unytta lånemidlar frå 2009		-39 800		-39 800
Tilskot frå staten		-2 847		-2 847
Netto lånebehov	125 650			117 473
Avdrag på gamle lån	22 750			22 750
Avdrag på nye lån	1 600			1 600
<b>Sum endring lån</b>	<b>101 300</b>		<b>8 177</b>	<b>93 123</b>

Etter fire månader er det heller små utbetalningar. Arbeidet er likevel sett i gang på mange anlegg, medan planlegging er i full gang på dei fleste andre prioriterte investeringsprosjekt.

Samla skal det med vedteke budsjett og overføringar frå 2009 investerast for nær 207,0 mill. kr i år. Deler av dette blir finansiert av andre, men like fullt er det tale om så store investeringar at det ved budsjettrevisjonen i juni bør vurderast utsetjing av ein del oppgåver.

For ikkje å auke lånegjelda for mykje må det ved budsjettrevisjonen også vurderast å auke avdraga som kommunen betaler. Saman med grundig vurdering av alle framtidige investeringar, vil dette vere viktig om ein skal unngå kraftig reduksjon i driftsnivået når renta på ny tek til å stige.

### 3. Økonomisk utvikling i verksemdene.

I tråd med tidlegare rapportar ser ein på skulane, barnehagane og pleie og omsorg samla. Dei andre verksemdene blir vurdert kvar for seg. Ved vurderinga er det løn ein ser på, og ikkje andre inntekter og utgifter. Årsaka er manglande føringar som lett gjev eit galt bilde når ein samanliknar med tidlegare år.

#### 3.1 Skulane.

*Drift etter fire månader.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	140.386	48.555	140.525	148.803	54.500	151.250	156.296	55.505
Andre utgifter	23.917	7.589	26.527	18.925	7.367	25.982	20.802	6.555
Inntekter	-17.303	-5.027	-17.981	-13.728	-4.855	-18.401	-15.600	-3.847
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>147.000</b>	<b>51.116</b>	<b>149.071</b>	<b>154.000</b>	<b>57.012</b>	<b>158.830</b>	<b>161.498</b>	<b>58.212</b>

Skulane har ein lønsforbruk etter fire månader på 35,5 %. Dette er 1,1 % lågare enn på same tid i fjor. Også samla forbruk ligg godt under tilsvarande forbruk etter fire månader i fjor. Dermed ser det ut til at overskridinga til skulane vil bli langt mindre i år enn i fjor.

#### 3.2 Barnehagane.

*Drift etter fire månader.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	62.767	22.225	64.263	66.964	24.287	69.083	71.415	25.534
Andre utgifter	18.591	9.126	19.367	17.524	9.940	21.660	19.779	8.818
Inntekter	-65.358	-33.905	-67.198	-67.188	-35.867	-71.659	-73.042	-28.783
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>16.000</b>	<b>-2.554</b>	<b>16.432</b>	<b>17.300</b>	<b>-1.640</b>	<b>19.084</b>	<b>18.152</b>	<b>5.569</b>

Barnehagane sine lønsutgifter etter fire månader er på 35,75 % av budsjettet. Det er 0,5 % lågare enn på same tid i fjor. Dermed kan det vere von om reduksjon i overskridingane. Dette sjølv om budsjettet i år er lågare enn rekneskapa for i fjor.

#### 3.3 Pleie og omsorg

*Drift etter fire månader.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	193.485	68.316	208.472	210.532	74.622	216.939	220.266	74.728
Andre utgifter	24.919	8.083	25.610	25.394	8.462	27.582	27.613	8.445
Inntekter	-37.404	-13.375	-50.700	-36.176	-10.822	-44.881	-45.379	-7.868
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>181.000</b>	<b>63.024</b>	<b>183.382</b>	<b>199.750</b>	<b>72.262</b>	<b>199.640</b>	<b>202.500</b>	<b>75.306</b>

Pleie og omsorg har eit lønsforbruk etter fire månader på 33,9 %. Dette er 1,5 % lågare enn i fjor. Halsnøysona ligg 2,2 % lågare, Husnessona ligg 2,4 % lågare og Hatlestrandsona 3,2 % lågare.

Herøysundsona ligg 0,7 % over, men har det lågaste forbruket på 33,0 %. Rosendalssona ligg 1,1 % lågare, men har det høgaste forbruket med 34,8%. Årsaka er ei budsjetttramme i år som ligg lågare enn rekneskapstala for i fjor.

Sa sant fellesinntektene til sonene blir i tråd med budsjettet, skulle det vere von om nær balanse. Unntaket kan vere Rosendalssona, og dette må ein sjå nærmare på ved revisjon av budsjettet.

### 3.4 Tiltak og tenester barn og unge.

*Drift etter fire måneder.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	27.868	9.744	29.697	34.103	10.610	31.437	34.617	11.112
Andre utgifter	5.929	1.751	7.869	8.673	3.244	9.752	9.169	2.387
Inntekter	-3.297	-845	-5.730	-6.176	-946	-3.435	-3.586	-308
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>30.500</b>	<b>10.651</b>	<b>31.836</b>	<b>36.600</b>	<b>12.908</b>	<b>37.754</b>	<b>40.200</b>	<b>13.191</b>

Tiltak og tenester barn og unge har eit lønsforbruk etter fire månader på 32,1 %. Dette er 1,0 % høgare enn på same tid i fjor, men samanliknar ein med rekneskapstala i staden for budsjettet, så er forbruket 1,7 % lågare. Dermed skulle det vere god von om balanse og kanskje eit lite overskot.

### 3.5 Tiltak og rådgjeving vaksne / NAV.

*Drift etter fire måneder.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	20.371	7.850	22.854	25.461	9.370	26.392	29.045	10.389
Andre utgifter	12.777	4.798	15.640	14.545	6.174	17.071	14.373	3.342
Inntekter	-13.948	-4.086	-18.742	-14.306	-5.542	-16.918	-18.018	-5.260
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>19.200</b>	<b>8.563</b>	<b>19.752</b>	<b>25.700</b>	<b>10.001</b>	<b>26.546</b>	<b>25.400</b>	<b>8.471</b>

Tiltak og rådgjeving vaksne / NAV har eit lønsforbruk dei fire første månadane på 35,8 %. Tilsvarande tal i fjor var 1,0 % høgare. Dermed skulle det vere von om lågare overskriding i år enn i fjor.

### 3.6 Helse og rehabilitering.

*Drift etter fire måneder.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	15.918	5.816	16.476	16.342	5.695	16.557	17.194	5.968
Andre utgifter	9.774	2.806	9.794	9.653	2.644	9.336	10.006	2.919
Inntekter	-8.292	-2.136	-7.888	-7.795	-1.215	-7.231	-7.600	-1.854
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>17.400</b>	<b>6.486</b>	<b>18.381</b>	<b>18.200</b>	<b>8.339</b>	<b>18.662</b>	<b>19.600</b>	<b>7.033</b>

Helse og rehabilitering har eit lønsforbruk dei fire første månadane på 34,7 %. Tilsvarande tal for i fjor var 0,1 % høgare. Dermed skulle det vere von om å oppnå balanse i rekneskapen i år.

### 3.7 Samfunnsutvikling.

*Drift etter fire måneder.*

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	12.377	4.104	12.221	13.584	4.733	15.969	15.079	6.254
Andre utgifter	6.152	3.125	7.698	5.522	2.331	8.772	6.131	2.365
Inntekter	-6.029	-1.723	-7.496	-6.563	-1.672	-8.144	-7.410	-1.277
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>12.500</b>	<b>5.506</b>	<b>12.418</b>	<b>12.543</b>	<b>5.392</b>	<b>16.597</b>	<b>13.800</b>	<b>7.342</b>

Samfunnsutvikling har eit forbruk av løn etter fire månader på 41,5 %. Dette er 6,7 % høgare enn på same tid i fjor. Årsaka er at ein kostnad med utviding av eigedomsskatten på rundt 2,0 mill. kr ikkje er med i budsjettet. Tek ein omsyn til dette ser det ut til at verksemda vil makte å gå i balanse også i år.

### 3.8 Tekniske tenester.

Drift etter fire måneder.

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	45.133	13.593	43.353	47.782	16.346	47.556	49.186	16.825
Andre utgifter	40.695	10.692	46.463	40.889	14.045	46.511	48.002	14.803
Inntekter	-42.128	-17.069	-45.683	-45.471	-17.637	-49.552	-47.988	-18.268
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>43.700</b>	<b>7.216</b>	<b>44.133</b>	<b>43.200</b>	<b>12.754</b>	<b>44.515</b>	<b>49.200</b>	<b>13.360</b>

Tekniske tenester har eit lønsforbruk etter fire månader på 34,2 %. Dette er likt med forbruket i fjor og då enda det med overskriding. Her må tiltak setjast i verk for å unngå nytt overforbruk.

### 3.9 Kultur og fritid

Drift etter fire måneder.

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	14.297	5.303	14.804	15.824	5.426	14.918	15.833	5.491
Andre utgifter	8.534	3.444	11.438	7.519	2.546	11.340	8.683	2.417
Inntekter	-6.331	-2.506	-8.642	-5.843	-2.426	-9.369	-6.416	-2.856
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>16.500</b>	<b>6.241</b>	<b>17.599</b>	<b>17.500</b>	<b>5.547</b>	<b>16.889</b>	<b>18.100</b>	<b>5.052</b>

Kultur og fritid har eit lønsforbruk etter fire månader på 34,7 %. Dette er 0,4 % høgare enn på same tid i fjor. Då enda det med overskot, og dermed bør det vere von om balanse i år.

### 3.10 Fellestenester.

Drift etter fire måneder.

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	19.194	6.394	20.060	22.337	7.828	22.073	22.420	7.362
Andre utgifter	15.356	6.340	23.309	14.346	6.750	23.298	15.411	5.303
Inntekter	-6.689	-907	-13.515	-6.433	-863	-13.481	-5.831	-526
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>27.861</b>	<b>11.827</b>	<b>29.854</b>	<b>30.250</b>	<b>13.714</b>	<b>31.890</b>	<b>32.000</b>	<b>12.409</b>

Fellestenester har eit lønsforbruk etter fire månader på 32,8 %. Dette er 2,2 % lågare enn på same tid i fjor. Dermed skulle det vere von om ei langt mindre overskriding i år enn i fjor.

### 3.11 Politikk.

Drift etter fire måneder.

Post	Budsjett 2008	Rekn.skap 01.05.08	Rekn.skap 31.12.08	Budsjett 2009	Rekneskap 01.05.09	Rekneskap 31.12.09	Budsjett 2010	Rekneskap 01.05.10
Lønsutgifter	4.676	1.656	5.112	5.532	2.167	6.227	6.802	2.700
Andre utgifter	2.530	836	2.688	2.493	419	2.496	2.142	278
Inntekter	-1.566	2	-7	-3.068	0	-3.191	-3.844	0
<b>Sum driftsutgift.</b>	<b>5.639</b>	<b>2.494</b>	<b>7.793</b>	<b>4.957</b>	<b>2.586</b>	<b>5.533</b>	<b>5.100</b>	<b>2.978</b>

Politikarane har eit lønsforbruk etter fire månader på 39,7 %. Dette er 8,6 % lågare enn på same tid i fjor. Dermed skulle det vere von om balanse i år.

### 3.12 konklusjon.

I motsetning til tidlegare år ser det i år ut til å kunne gå mot balanse i lønsbudsjettet. Når det likevel kan gå mot ei overskriding av tildelte rammer er årsaka følgjande:

- 2,0 mill. kr til slutføring av arbeidet med eigedomsskatt er ikkje med i budsjettet.
- Energikostnadane er minst 3,0 mill. kr for låge i godkjent budsjett.
- Kostnadane med snøbrøyting i vinter har påført kommunen ein ekstrakostnad på 2,0 mill. kr.
- Ramma til Rosendalssona er for låg i høve til dei andre sonene, og må aukast med 1,0 mill. kr.

## 4. Tenesteproduksjon og KOSTRA -tal.

Ved handsaming av budsjettrammer og forventningsbrev den 04.02.2010 vart mellom anna følgjande oversendingforslag vedteke:

- *Kvinnherad kommunestyre får i aprilmøte presentert ein kvartalsrapport for stoda i verksemdene når det gjeld resultat for brukar, tilsett og økonomi.*

### 4.1 Brukarar og tilsette.

Det ligg så langt i budsjettåret ikkje føre rapportar som syner kva brukarane meiner om dei ulike tenestene som blir ytt. Rapporten må difor denne gongen basere seg på dei tilbakemeldingar som kjem i dei daglege møte med brukarane. Her førekjem det også i år negative tilbakemeldingar, men stort sett ser det ut til at dei langt fleste er tilfreds med dei tenester som kommunen yter. Dei innsparingane som kommunestyret vedtok i budsjettet for 2009 og som også vart vedteke vidareført i budsjettet for 2010, ser såleis ikkje ut til å ha slege spesielt negativt ut.

Ei svært uvanleg hending i ei kvar kommune var taket som fall ned i symjehallen på Hatlestrand. Dette kunne blitt ei ufatteleg alvorleg katastrofe, men til alt hell skjedde ulukka på ein søndag då ingen var i bygget.

*Tilsette og årsverk i kommunen.*

31.12.2007		31.12.2008		31.12.2009	
Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk
1 327	988,46	1 350	1 011,75	1 367	1 034,50

Det ligg ikkje føre budsjettvedtak som tilseier vesentleg endring i talet på tilsette. Difor vil det framleis bli praktisert ein streng tilsetjingspraksis.

### 4.2 Nærvær.

Alle verksemdar er pålagde å arbeide spesielt aktivt for å få ned sjukefråværet. Her blir mange tiltak nytta, men så vel forskning som erfaring viser at tidleg samtale kring arbeidsmiljø og sjukefråvær gjev gode resultat. Verksemdene set no fokus på dette, og ved å følgje opp dei sjukemelde freistar ein å kartleggje og leggje til rette slik at ein får mest mogeleg nytte av ressursane til dei tilsette. Som eit resultat av dette er sjukefråværet i første kvartal gått ned frå 10,3 % i fjor til 9,4 % i år.

### 4.3 Trivselsvurdering.

Vinteren 2009 vart den siste trivselsvurdering gjennomført og det kom inn svar frå 813.

Hovudtrekka i svarea er positive i høve til arbeidsmiljøet:

- Eit stort fleirtal seier at dei ser på arbeidet sitt som utfordrande på ein positiv måte.
- Eit stort fleirtal ser på arbeidet sitt som meningsfullt.
- Eit stort fleirtal seier at dei får den opplæringa dei treng for å gjere jobben sin.

Det er gjennomgåande i svarea at kommunen er ein arbeidsplass der dei tilsette føler dei vert tekne vare på og får støtte både frå kollegaer og frå leiarar.

På spørsmål om kor viktig jobben er, vart resultatet 5,2 på ein skala frå 1 (lite viktig) til 7 (svært viktig). Dette viser at dei tilsette finn det viktig og meningsfylt å jobbe i Kvinnherad kommune, noko som lovar godt med tanke på alle utfordringar knytt til rekruttering i åra som kjem.

#### **4.4 Kvalitet, standard og omfang på dei kommunale tenestene.**

Eit mål på det kommunale tenestetilbodet er den statlege levekårsindeksen. Sist den vart lagt fram kom Kvinnherad ut som nr. 71 av dei 430 kommunane i landet. Mange på uføretrygd og eit heller lågt utdanningsnivå var årsakene til at kommunen ikkje vart rangert endå høgare.

Staten gjennomfører stadig tilsyn med kommunane, og også dette gjev ein viss peikepinn på kva standard det er på dei kommunale tenestene. I Kvinnherad er det blitt gjennomført fleire tilsyn dei siste åra med færre avvik og merknader enn det som er vanleg.

Andre mål på standard og kvalitet kan vere at:

- Høgskulen Stord Haugesund har inngått avtale om bruk av Undarheim skule som praksisskule.
- Regionalt samarbeid om oppvekst i Sunnhordland har peikt ut tre demonstrasjonsskular. To ligg i Kvinnherad medan ein ligg på Bømlø. I Kvinnherad gjeld det Undarheim og Omvikdalen skule.
- Lærarstudentar frå Iowa universitet, USA får praksisopplæring ved Malmanger skule og Rosendal ungdomsskule. Også Hatlestrand og Omvikdalen skule er no blitt godkjent for slik opplæring.
- Åkra og Omvikdalen skule deltar i Comenius-prosjekta som går på samarbeid og utveksling av erfaringar med andre skular i Europa. Det meste av kostnadane blir dekkja av EU.
- Samla får 708 brukarar for tida tilbod om heimehjelp frå pleie- og omsorgstenesta.

#### **4.5. Utvalde KOSTRA-tal.**

Dei første KOSTRA-tala for 2009 ligg no føre, og der kjem mellom anna følgjande fram:

- Kvinnherad har større pensjonsforpliktelsar og langt større netto lånegjeld enn andre kommunar.
- Kvinnherad har netto driftsmidlar som ligg 13,1 % over snittet av kommunane.
- Kvinnherad nyttar meir til drift og mindre til administrasjon enn andre kommunar.
- Kvinnherad brukar langt meir på skulane enn andre kommunar, men skulane sin del av netto driftsmidlar har blitt redusert siste året frå 34,0 % til 33,7 %.
- Kvinnherad brukar langt meir på pleie- og omsorg enn andre kommunar, og sektoren sin del av netto driftsmidlar har auka siste året frå 40,8 % til 41,6 %. Med gjennomføring av dei planar som ligg føre vil meir enn halvparten av driftsmidlane gå til pleie- og omsorg.
- Kvinnherad brukar meir av netto drift til barnehagar enn snittet av kommunane. Ser ein på brutto drift er forbruket likt.
- Kvinnherad brukar om lag det same til helse som snittet av kommunane.
- Kvinnherad brukar mindre til sosialtenesta, barnevernet, kultur, bustader, samferdsle, brannvern, kloakk, vatn og renovasjon enn snittet av kommunane.
- Kvinnherad brukar meir til kyrkja og til næring enn snittet av kommunane. Dei høge utgiftene og inntektene til næring skuldast kjøp og sal av konsesjonskraft.
- Kvinnherad nyttar langt mindre enn andre kommunar til vedlikehald av det ein eig. Vedlikehald vegar er eit godt eksempel.
- Årsgebyr VAR er identisk med snittet. Dette sjølv om Kvinnherad dei siste 10 åra har bygt ut vassverk og kloakkanlegg i eit tempo og eit omfang som overgår dei fleste andre kommunar.
- I barnehagane i Kvinnherad er det færre som får ekstra ressursar enn i andre kommunar.
- Langt fleire tilsette har førskuleutdanning i Kvinnherad enn i andre kommunar.
- I motsetning til andre kommunar er det nesten ingen menn tilsett i barnehagane i Kvinnherad.
- Skulane i Kvinnherad har svært få elevar samanlikna med andre kommunar.
- Lønsutgiftene pr. elev i grunnskulen i Kvinnherad ligg rundt 27,0 % over snittet av kommunane.
- Kvinnherad nyttar ekstra mange institusjonsplasser til tidsavgrensa opphald.
- Kostnadane pr. institusjonsplass i Kvinnherad ligg rundt 35,0 % over snittet av kommunane

## Utvalde KOSTRA-tal pr. 01.05.2010.

	Kvinnherad 2009	Snitt gruppe 11 2009	Snitt Hordaland 2009	Snitt landet 2009
Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar	60 655	40 643	29 203	28 757
Pensjonsforpliktelse i kroner pr. innbyggjar	67 655	65 197	50 693	55 393
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt	6,4	2,0	1,7	2,8
Netto drift i kroner pr. innbyggjar	42 521	40 115	37 073	37 588
Netto drift adm. styring, felles i % av sum netto drift	6,4	8,7	7,2	9,0
Netto drift barnehagane i % av sum netto drift	4,2	2,4	3,0	2,9
Netto drift skulane i % av sum netto drift	33,7	29,0	29,6	28,9
Netto drift pleie og omsorg i % av sum netto drift	41,6	39,0	36,5	34,2
Netto drift kommunehelsetenesta i % av sum netto drift	4,4	4,7	4,4	4,5
Netto drift sosialtenesta i % av sum netto drift	4,0	4,1	5,8	5,5
Netto drift barnevern i % av sum netto drift	2,5	3,0	3,7	3,4
Netto drift kultur i % av sum netto drift	3,2	3,7	4,4	4,3
Netto drift kyrkja i % av sum netto drift	1,5	1,4	1,5	1,3
Netto drift plan og miljø i % av sum netto drift	1,4	1,1	1,4	1,3
Netto drift samferdsle i % av sum netto drift	1,5	2,3	1,8	1,8
Netto drift bustader i % av sum netto drift	-1,0	0,0	0,0	0,1
Netto drift næring i % av sum netto drift	-4,9	-0,3	-0,6	-0,5
Netto drift brannvern i % av sum netto drift	1,3	1,7	1,7	1,5
Netto drift vatn, avløp, renovasjon i % av sum netto drift	0,1	-0,6	-0,3	-0,8
Brutto drift i kroner pr. innbyggjar	64 075	60 950	56 406	58 069
Brutto drift adm, styring og fellesutgifter pr. innbyggjar	2 947	4 023	3 046	3 949
Brutto drift barnehagane i kroner pr. innbyggjar	6 792	5 912	7 220	6 794
Brutto drift skulane i kroner pr. innbyggjar	15 442	13 043	12 240	12 311
Brutto drift pleie og omsorg i kroner pr. innbyggjar	19 927	18 468	16 019	15 272
Brutto drift kommunehelsetenesta i kroner pr. innbyggjar	2 435	2 438	2 143	2 149
Brutto drift sosialtenesta i kroner pr. innbyggjar	1 858	2 133	2 651	2 613
Brutto drift barnevern i kroner pr. innbyggjar	1 153	1 341	1 467	1 394
Brutto drift kultur i kroner pr. innbyggjar	2 050	2 133	1 974	2 090
Brutto drift kyrkja i kroner pr. innbyggjar	641	549	564	522
Brutto drift plan og miljø i kroner pr. innbyggjar	961	792	959	871
Brutto drift samferdsle i kroner pr. innbyggjar	641	1 097	846	987
Brutto drift bustader i kroner pr. innbyggjar	769	853	790	929
Brutto drift næring i kroner pr. innbyggjar	2 819	914	564	697
Brutto drift brannvern i kroner pr. innbyggjar	641	853	790	755
Brutto drift vatn, avløp, renovasjon i kroner pr. innbyggjar	2 114	2 438	2 313	2 381
Brutto drift i kroner pr. km kommunal veg og gate	53 779	79 426	137 607	119 377
Årsgebyr vatn, avløp og renovasjon	7 991	8 238	7 405	7 954
Andel barn 1 – 5 år med barnehageplass	87,3	88,4	88,0	88,5
Andel barn som får ekstra ressurser	8,7	11,5	11,6	14,7
Tal barn pr. årsverk i kommunale barnehagar	6,5	6,5	6,2	6,3
Tal barn pr. årsverk i private barnehagar	7,0	6,8	6,4	6,6
Andel tilsette i barnehagane med førskuleutdanning	40,8	31,9	36,4	32,4
Andel menn tilsett i barnehagane	1,0	5,8	7,8	8,1
Andel elevar i grunnskulen med spesialundervisning	8,0	8,9	7,6	7,6
Timar spesialundervisning i % av tal lærartimar totalt	17,1	18,9	16,5	16,2
Elevar pr. kommunal skule	92	161	199	211
Andel elevar med skuleskyss	33,5	37,7	24,3	22,5
Andel innbyggjarar 6 – 9 år i kommunal SFO	45,8	46,1	58,2	57,5
Lønsutgifter pr. elev i grunnskulen	83 955	70 345	67 985	65 728
Elevar pr. årsverk	8,9	9,5	10,8	10,7
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	39,52	39,19*	40,64*	39,64*
Mottakarar av tenester til heimebuande pr. 1000 innb.	39	47	36	40
Snitt timar pr. veke som kvar brukar av praktisk bistand får	5,9	8,4	5,4	6,4
Snitt timar pr. veke som brukar av heimesjukepleie får	5,2	4,9	5,4	4,6
Andel innb. 80 år og over i bustad med heildøgnsbemanning	7,3	6,5	2,9	4,3
Plasser i institusjon i % av mottakere av PLO-tenester	17,8	21,0	18,0	43,8
Institusjonsplasser avsett til tidsavgrensa opphold	23,4	16,4	18,2	14,4
Plasser i institusjon i % av innbyggjarar 80 år og over.	15,2	18,0	19,6	18,5
Korr. brutto driftsutgifter institusjon pr. plass	1 116 375	811 336	876 411	825 467
Brukarbetaling i institusjon i forhold til korr. brutto drift	9,9	13,8	17,4	15,4

\* Tal frå 2008

## 5. Samfunnsutvikling.

### 5.1 Folketalsutvikling.

Endring i folketallet dei siste åra.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Folketal 01.01	13 158	13 122	13 071	13 032	13 063	13 112
Fødselar	161	136	139	164	162	156
Dødsfall	-109	-120	-122	-101	-130	-120
Innflytting frå utlandet	36	51	50	60	88	138
Utflytting til utlandet	-23	-18	-20	-26	-19	-18
Innflytting frå resten av landet	270	288	271	275	272	254
Utflytting til resten av landet	-370	-388	-358	-329	-325	-335
<b>Folketal 31.12</b>	<b>13 122</b>	<b>13 071</b>	<b>13 032</b>	<b>13 063</b>	<b>13 112</b>	<b>13 187</b>

Eit stabilt folketal har dei siste åra gått litt ned for så på ny å gå litt opp. Samtidig skjer det store endringar i folketalssamansetjinga. Talet på barn og unge går ned, medan talet på eldre aukar.

Registrert endring i folketalssamansetjinga dei siste 22 åra og forventa endring dei neste 22 åra.

Alders- gruppe	1986 registrert	Endring 86 - 96	1996 registrert	Endring 96 - 08	2008 registrert	Endring 08 - 20	2020 prognose	Endring 20 - 30	2030 prognose
0 - 20 år	4 422	-668	3 754	-200	3 554	-453	3 101	-407	2 694
20 - 66 år	7 095	382	7 477	74	7 551	-225	7 326	-319	7 007
67 år + over	1 670	228	1 898	60	1 958	610	2 568	517	3 085
<b>Sum</b>	<b>13 187</b>	<b>-58</b>	<b>13 129</b>	<b>-66</b>	<b>13 063</b>	<b>-68</b>	<b>12 995</b>	<b>-209</b>	<b>12 786</b>

Kjelde: SSB – "Sterk aldring"

Folketalet i kommunen har vore svært stabilt dei siste 22 åra, og prognosen tilseier om lag same utvikling dei neste 22 åra. Først vil folketallet gå litt opp, og så vil det gå langsamt nedover til rundt 13 000 i 2020 og vidare til 12 800 i 2030.

Sjølv med stabilt folketal dei siste åra har endringane i dei ulike aldersgruppene vore store, og prognosane tilseier at endringane vil bli store også i åra som kjem:

- Gruppa barn og unge under 20 år har frå 1986 til 2008 hatt ein nedgang på 868. Nedgangen vil fortsetje og fram til 2030 vil den bli på ytterlegare 960. På 44 år gjev det ein nedgang på 39,1%.
- Gruppa yrkesaktive frå 20 til 66 år har hatt ein vekst dei siste 22 åra på 456 personar, men snittalderen har auka. Fram til 2020 vil gruppa minke ein god del, og deretter vil nedgangen auke ytterlegare. Samla nedgang frå 2008 til 2030 vil bli på 544 personar.
- Gruppa eldre frå 67 år og over har auka med 288 personar dei siste 22 åra. Dei neste 22 åra vil auken bli på 1 127 personar. Først vil veksten kome i gruppa unge eldre, deretter vil veksten fordele seg og i slutten av perioden vil den eldste gruppa få den kraftigaste veksten. På 44 år vil auken bli på 84,7 %.
- Det samla folketallet i kommunen vil på 44 år gå ned med 3,0 %.

Tek ein omsyn til dei som til ein kvar tid er uføretrygda eller førtidspensjonerte, så vil truleg overein tredjedel av innbyggjarane ha avslutta sin yrkeskarriere i 2030. Dette saman med dei andre endringane som er på gang, må etter kvart få konsekvensar for heile Kvinnherad.

## 5.2 Sysselsetjing og næringsutvikling.

Sjølv om talet på unge yrkesaktive har gått kraftig ned, så har det samla talet på personar i yrkesaktiv alder auka dei siste 22 åra. Dette viser att i auka tal arbeidsplassar.

*Syssette personar etter næring busett i kommunen.*

Næring	1970	1980	1990	2000	2004	2008	Endr 04 - 08
Primærnæringane (landbruk og fiske)	1 006	645	606	442	392	401	9
Sekundærnæringane (industri, bergv., bygg og anl.)	2 178	2 492	2 347	2 059	2 028	2 232	204
Tenesteytande næringar	807	1 076	1 326	1 511	1 539	1 648	109
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	872	1 742	2 210	2 352	2 401	2 489	88
<b>Sum syssette</b>	<b>4 863</b>	<b>5 955</b>	<b>6 489</b>	<b>6 364</b>	<b>6 360</b>	<b>6 770</b>	<b>410</b>
Syssette som pendlar inn til kommunen					314	497	182
Syssette som pendlar ut av kommunen					1 194	1 184	-10
<b>Syssette med arbeidsstad i kommunen</b>					<b>5 480</b>	<b>6 083</b>	<b>603</b>

I primærnæringane har talet på arbeidsplassar gått kraftig ned i alle år etter krigen. Grunna vekst i havbruksnæringa og større optimisme i landbruket har nedgangen snudd til oppgang dei siste åra.

Sekundærnæringane gjekk frå 1980 til 2000 ein god del ned. I åra etter har ein hatt ny oppgang. På landsplan er det nedgang i talet på industriarbeidsplassar, og det er grunn til å frykte at dette også vil kunne bli utviklinga i Kvinnherad i tida som kjem.

Dei tenesteytande næringane har auka kraftig fram til i dag, og med satsing på sentrum er det mykje som tyder på at auken kan halde fram i åra som kjem.

Den offentlege syssetjinga har også auka kraftig, og truleg vil auken halde fram. Dette er i tråd med utviklinga elles i landet.

Samla var auken talet på syssette frå 1970 til 1990 på 1626 personar, men frå 1990 til 2004 gjekk talet på syssette ned med 129. Frå 2004 til 2008 har tal syssette på ny auka med 410. Samtidig har talet på pendlarar inn til kommunen auka, slik at samla i denne korte perioden er det skapt 603 nye arbeidsplassar.

Sjølv om det for tida er ei omfattande internasjonal finanskrisa på gang, så må det vere rett å hevde at folk flest i Kvinnherad først i det siste har merka noko særleg til krisa. I år ser ein svært høg næringsaktivitet ut til å bli kraftig redusert. Til tross for dette er det framleis mange lyspunkt.

Av negative og positive hendingar kan kort nemnast:

- Talet på arbeidsledige er framleis lågt, men vil truleg auke.
- Talet på permitterte er høgt og vil truleg auke i tida som kjem.
- SØRAL går framleis med halv produksjonen. Permitteringane blir fordelt på dei fleste.
- Bedrifter med leveransar til SØRAL har fått mindre oppdrag, og må nedbemanne.
- Bergen Group i Høylandsbygd har gått over frå skipsbygging til reparasjon med færre tilsette.
- Hellesøy verft har arbeid ut året med utrusting av to skip.
- Eisvik skipsbyggeri manglar finansiering på siste skipet, og er difor i gang med permitteringar.
- Umoe Schat-Harding AS manglar oppdrag og er i gang med oppseiing og nedbemanning.
- HMR manglar også oppdrag og er i gang med nedbemanning.
- Mange andre produksjonsbedrifter manglar oppdrag og er i ferd med å nedbemanne.
- Reiselivsnæringa fryktar konsekvensane av vulkanutbrotet på Island.
- SKL ventar framleis på klarsignal frå staten for oppstart av nytt prosjekt i Blådalen.
- Byggjeaktiviteten i kommunen er framleis høg, men ein del firma melder om færre oppdrag.
- Eigedomsselskap er i gang med detaljplanlegging av industriområde på SØRAL sine eigedomar.

- Sentrumsutbygginga på Husnes held fram og nytt kontor og forretningsbygg er snart ferdig.
- Tilrettelegging av areala nord for Husnes sentrum er avslutta.
- Utvidinga og opprustinga av Kvinnherad vidaregåande skule nærmar seg ferdigstilling.
- Arbeidet med etablering av asfaltverk på Årsnes er i ferd med å starte opp.
- Fleire hytte- og bustadfelt er i ferd med å bli tilrettelagde.
- Mange minikraftverk er under realisering.
- Større fellesfjøs er teke i bruk i Omvikdalen, og nytt er under bygging.
- Arbeidet med vassleidning frå Muradalen til Omvikdalen er godt i gang.
- Arbeidet med kloakkutbygging i Uskedalen er godt i gang.
- Arbeidet med kloakkutbygging på Seimsfoss og i Omvikdalen er klar for oppstart.
- Arbeidet med ny privat barnehage i Rosendal er godt i gang.
- Arbeidet med ny skule på Halsnøy er godt i gang.
- Arbeidet med bufellesskap utviklingshemma er godt i gang.

### 5.3 Samferdsle og trafikksikring.

*Tal bilar pr. år i dei ulike sambanda til/frå Kvinnherad.*

Ferje- og vegsamband	Trafikk 1999	Trafikk 2003	Trafikk 2007	Trafikk 2008	Endring siste år	Endring Siste fem år
Sunde – Ranavik – Skjersholmane (Leirvik)	156 200	198 400	230 700	158 800	-71 900	-39 600
Skånevik – Matre – Utåker	109 600	65 900	74 800	81 400	6 600	15 500
Fjelbergruta	25 500	22 300	25 600	26 600	1 000	4 300
Gjermundshamn – Varaldsøy – Løfallstrand	152 200	149 600	191 200	210 200	19 000	60 600
Følgefontunnelen		154 700	180 700	187 600	6 900	32 900
<b>Sum biltrafikk</b>	<b>443 500</b>	<b>590 900</b>	<b>703 000</b>	<b>664 600</b>	<b>-38 400</b>	<b>73 700</b>

Trafikken til og frå Kvinnherad har auka kraftig dei seinare åra, og auken har halde fram i 2009 og vidare inn i 2010. Delvis skuldast dette opninga av Følgefontunnelen, men også trafikken på dei største ferjesambanda har auka kraftig.

Grunna bortfall av ferjetrafikken Sunde – Ranavik har sambandet mot Stord hatt nedgang etter opninga av Halsnøysambandet i mars 2008. Til tross for dette var trafikken i 2008 større enn i 1999 då også ferjetrafikken Sunde – Ranavik var med.

For tida tida blir det arbeidt med følgjande nye veg- og trafikksikringsprosjekt:

- Arbeidet med Jondalstunnelen er godt i gang etter det beste alternativet.
- Arbeidet med utbetring av vegen mellom Kroka og Sunndal nærmar seg oppstart.
- Arbeidet med nye Årsnes ferjekai er i full gang.
- Tyssetunnelen er blitt prioritert i forslag til fylkesvegplan med oppstart i 2012.
- Arbeidet med vegutbetring frå Årsnes gjennom Djupevik til Løfallstrand er starta opp.
- Arbeidet med oppgradering av reguleringsplanen for vegomlegging mellom Seimsfoss og Omvikdalen er godt i gang.
- Arbeidet med ny veg frå Husnes sentrum til Bogsnsvågen er avslutta.
- Arbeidet med utbetring av Utåker ferjekai er avslutta.
- Arbeidet med vegutbetring på Halsnøy er i full gang.
- Kommunedelplan for Fjelbergsambandet er framleis ikkje klar for godkjenning.
- Etter handsaming av kommunedelplan i Stord kommune er det framleis eit stykke å gå før nytt ferjeleie på Stord er på plass.
- Søknad om nattferje i sambandet Årsnes – Gjermundshamn er lagt inn som opsjon i anbuds-dokumenta, medan talet på daglege avgangar aukar frå 23 til 29 når Årsnes ferjekai opnar.
- Snøggbåttrafikken til og frå Kvinnherad ser også ut til å ha auka så langt i 2010.

#### **5.4 Planlegging.**

Stor planaktivitet er eit signal om tru på framtida, og for tida er det mykje planlegging på gang så vel i kommunen som i det private næringslivet. Her kan nemnast.

- Arbeidet med Scenarie 2050 er starte opp i regi av kommunen.
- Arbeidet med kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy er godt i gang.
- Arbeidet med kommunedelplan for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra er i ferd med å starte opp
- Reguleringsplan for steindeponi til Jondalstunnelen er under utarbeiding.
- Plan for industriområde rundt Sørøra er lagt ut til offentleg ettersyn.
- Planlegging av kulturskulesenter er godt i gang.
- Planlegging av lågterskeltilbod rusavhengige er godt i gang.
- Plan for Rosendal Ungdomsskule er under utarbeiding.
- Plan for Rosendalstunet er starta opp.
- Planlegging av hamneområdet i Rosendal er i gang, og arkitektkonkurranse er blitt gjennomført.
- Plan for oppvekstområdet på Valen er i ferd med å bli utarbeidd.
- Vedtekne investeringsoppgåver i budsjett for 2010 er i ferd med å bli realisert.

#### **5.5 Andre tiltak og hendingar.**

- Postvegen er i ferd med å bli forlenga gjennom Teigen.
- Sparbutikken på Seimsfoss er kåra til den med best kundeservice i landet. Sparbutikken i Uskedalen var best i fjor, og kom denne gong på andreplass.